

Høyring for utpeiking av biskopar

Frogner sokneråd, Sørum takkar for høvet til å la seg høyre i spørsmålet om ny ordning om utpeiking av biskopar.

Høyringsdokumentet greier ut tre aktuelle ordningar for å peike ut biskopar i Den norske kyrkja:

- Ei rein valordning for biskopar
- Ordning med tilsetjing i eit særskilt tilsettingsorgan
- Ordning med tilsetjing i Kyrkjerådet, som er ei vidareføring av den gjeldande ordninga

Det er mogleg å peike på positive og negative sider ved alle dei tre ordningane som er skisserte – slik høyringsnotatet også gjer. Dagens ordning med å nominere og tilsetje biskopar er omfattande. Det er til dels òg ein langdryg prosess. Aktuelle kandidatar kan oppleve det som for krevjande til at ein ønskjer å late seg nominere. Dermed er det tenkeleg at ein går glipp av gode kandidatar.

Frogner sokneråd har kome til at den beste ordninga for å peike ut biskopar er ei rein valordning. Vi synest det er eit poeng at dette er ein modell som dei fleste lutherske kyrkjer nyttar – også i nabolanda våre. Vi støttar framleggget om at den av kandidatane som oppnår over femti prosent av røystene, blir vald. Dersom ingen av kandidatane oppnår meir enn halvparten av røystene, blir det ein valomgang nummer to. I denne tek dei to med størst oppslutnad frå første runde del. Soknerådet ser det som ei klar føremon med ei slik valordning at dei som til slutt blir valde, vil ha brei kyrkjeleg støtte.

Vi ser det som eit mål at ei ny ordning for å peike ut biskopar må tene til å gjere prosessen mindre omfattande og krevjande enn med dagens ordning. Ei valordning vil medverke til at dette målet blir nådd. Når valet er gjennomført, er det òg klart kven som blir biskop. Den som vinn valet, blir tilsett. Ei slik ordning vil òg gjere prosessen meir gjennomsiktig enn i dag. Nominasjonane skjer i dei lukka rom, utan innsyn frå andre. Dette er svært problematisk ut frå demokratiske omsyn, og høver ikkje i ei moderne folkekirkje.

I høyringsdokumentet blir det lagt opp til at ein skal halde fram med ei nominasjonsordning med bispedømmerådet som nominasjonsorgan, slik tilfelle er i dag. Frogner sokneråd meiner ei anna nominasjonsordning vil vere meir føremålstenleg. Vi synest ordninga i den danske folkekyrkja òg kan vere eigna i norsk samanheng. I Danmark kan minst 75 og maksimalt 150 røysteføre stille opp ein kandidat, som òg må skrive under på at han/ho stiller til val.

Føresetnaden for å vere kandidat til bispeval er at ein fyller kriteria for å vere prest i folkekyrkja. Det kan diskuterast kor mange røysteføre som må til for å stille ein kandidat, også i norsk samanheng kan minimum 75 vere eit tal som synest fornuftig. Vi ser ikkje heilt behovet for å operere med eit maksimumstal som i Danmark. Ei slik ordning ser vi som god nok for å sikre ein tilstrekkeleg brei nominasjon av kandidatar. Det må vere prosedyrar som sikrar at kandidatar av begge kjønn blir nominerte. Dette kan til dømes skje ved at det er høve til ei ordning med etternominasjon.

Når det gjeld kva for grupper som skal ha røysterett i bispevalet, støttar Frogner sokneråd framlegget i høyringsnotatet – med eitt unntak. Vi går inn for at teologiske professorar skal ha røysterett ved bispeval som i dag. Det er viktig at kandidatane sin teologiske kompetanse blir vurdert. Vi meiner at dette skjer gjennom professorane si røysting, sjølv utan grunngjeving.

Vidare meiner soknerådet at det kan stillast spørsmålsteikn ved om det er naudsynt å vekte røystene, slik det er gjort framlegg om. Oversikten som er gitt i saksdokumentet syner at vekting i dagens ordning spelar ei lita rolle for resultatet. Vi støttar at den einskilde som tek del i valet, røyster berre på ein kandidat. Soknerådet er samd i at eit kyrkjeleg organ stadfestar valet når valresultatet ligg føre, og at dette er Kyrkjerådet.

Høyringsdokumentet konkluderer med at det av rettslege grunnar ikkje er mogleg å tilsetje biskopar på åremål. Derimot kan preses tilsetjast på åremål, noko Frogner sokneråd støttar. Åremåltilsetjing av preses vil tene til å fokusere på sjølve leiarfunksjonen og ikkje på dette som ei livslang karriere. Også preses bør utpeikast ved ei valordning, og vi støttar at Bispemøtet er nominasjonsorgan. Vi ser det ikkje føremålstenleg at preses kan rekrutterast også utanfor det sitjande bispekolleget.